

Tiltaksstrategi for jordbruket i Hallingdal. Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

Revidert, og gjeldande frå 2008 – 2011.

Vedteke i Gol kommunestyre 1.april 2008, sak 36/08

1. Innleiing:

Tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket er heimla i forskrift fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004. Etter § 8 i forskrifta har kommunen i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt, fastsette overordna retningslinjer (tiltaksstrategi) for prioritering av søknader. I Hallingdal vart det nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå bondeorganisasjonane og kommunane som har utarbeidd forslag til tiltaksstrategi for Hallingdal. Den enkelte kommune nytta dette forslaget som mal for sin eigen strategi. Strategien i kvar einskild kommune vart i tillegg bygd på vedtekne planar i kommunen som handlingsplan for landbruket, beitebruksplanar o.l. Kvar kommune sin tiltaksstrategi vart vedteke politisk i kommunen i 2003 og så godkjent av fylkesmannen. Denne tiltaksstrategien erstattar tiltaksstrategi for perioden 2004 – 2007, og skal gjelde frå 2008 til 2011.

Tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket gjeld planleggings- og tilretteleggingsprosjekt, kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak og omfattar dei tidlegare ordningane STILK (spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap), IMT (investeringsstøtte til miljøtiltak), MOMLE (miljøretta omlegging i kornområda) og områdetiltak.

2. Hovudtrekk for jordbruket i Hallingdal:

Hallingdal med kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol har eit variert jordbrukslandskap som spenner frå tilnærma "flatbygd-område" i nedre del av dalen til høgfjellsbeite i Nordfjella og Hardangervidda. I Flå og til dels Nes er det hovudvekt på ein-sidig planteproduksjon (korn), medan det elles er husdyrproduksjon med tilhøyrande grovfôrproduksjon som dominerer. Det er storfe og sau som er dei viktigaste dyreslaga, men i Øvre Hallingdal og Hemsedal er det også eit aktivt geitemiljø. Andre dyreslag som gris og høns finst også i dalen.

Regionen er eit av dei største reiselivsområda i landet og landbruket er i den samanheng svært viktig for å oppretthalde eit levande bygdesamfunn og kulturlandskap.

Det er opp gjennom åra gjort mange registreringar og prosjekt om miljø og kulturlandskap i Hallingdal. Av dei viktigaste som femnar heile dalen kan nemnast:

- Verdifulle jordbrukslandskap i Buskerud. Rapport nr. 2 – 1994, Fylkesmannen i Buskerud
- Sluttrapport - landbrukets kulturlandskap i Hallingdal – samarbeid og delfinansiering, 1997. Prosjektleder Olav Trageton, Fylkesmannen i Buskerud.
- Forurensningsregnskap for Buskerud. Rapport nr. 2 – 1998, Fylkesmannen i Buskerud.

- Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Buskerud. Rapport nr. 5 – 1999, Fylkesmannen i Buskerud og Buskerud fylkeskommune. Oppdatert 2006.
- Strategi for kulturlandskapet i Buskerud 2002 – 2006. Fylkesmannen i Buskerud, Kulturlandskapsgruppa.
- Kartlegging av naturtypar (biologisk mangfald) i Hallingdal - 2003, v/ prosjektleiar Hans Ivar Nesse.
- SEFRAK-registreringa i kvar kommune.

Eksempel på rapportar som er utarbeidd for enkeltkommunar:

- Hemsedal: Et landskaps kulturkvaliteter, av Oskar Puschmann, rapport 12/96, NIJOS.
- Flå kommune: Kulturlandskapskart for Flå, av Jan R. Sørum, 1996.
- Flå kommune: Gamle hus og tun i Flå, av Jørn Jensen, 2001.

I tillegg kjem lokale planar på kommunenivå som handlingsplan for landbruket, kommuneplanar, beitebruksplanar m.m. På gardsnivå skal alle bruk som søkjer om produksjonstilskot ha si eiga miljøplan frå og med 2003.

3. Historiske utbetalingar av tilskott til miljøtiltak i landbruket:

3.1. STILK / SMIL

Hallingdal har gjennom mange år hatt eit høgt aktivitetsnivå på STILK-ordninga, og noverande SMIL ordning. Følgjande tabell viser omfanget dei siste sju åra fordelt på dei ulike tema innanfor ordninga:

Tabell 1. Innvilga tilskot til STILK / SMIL 2001 – 2007 i Hallingdal.

År	Tiltak 1. Planlegging av fellestiltak	Tiltak 2. Biologisk mangfald	Tiltak 3. Gamal kulturmark	Tiltak 4. Tilgjenge/ opplevings kvalitet	Tiltak 5. Kulturminne/ -miljø	Tiltak 6. Freda og verneverdige bygningar	Anna	Informas jons- midlar
2001	11 000		1 173 861	234 700	21 000	1 052 025	257 000	1 500
2002			596 700	80 800	68 675	402 670		2 500
2003		47 500	778 070	283 500	49 500	880 725		10 000
2004	2 000	12735	765 075	132 732	227 507	821 084	13 850	2 000
2005	7 700	7 110	862 657	97 950	53 364	1 034 573		
2006	1 600	14 700	1 028 562	1 800	77 610	1 270 959	91 200	1 600
2007			1 174 852	83 860	124 020	1 479 558		

3.2. Forureiningstiltak, IMT, MOMLE m.m.

Det har vore liten aktivitet innanfor ordninga IMT og MOMLE i Hallingdal. Men det har vore enkelte forureiningstiltak innanfor andre ordningar som bygdeutviklingsmidlar og kommunale tilskott.

3.3. Områdetiltak / Planleggings og tilretteleggingstiltak.

Hallingdal har hatt to større områdetiltak; Kongevegen i Hemsedal, innvilga i 1999 og Gardnosprosjektet i Nes, innvilga i 2001. Prosjektet på Gardnos vart påbegynt men ikkje fullført. Kostnad for Kongevegen var kr. 415.000 og innvilga tilskot var 320.000. Kostnad for Gardnosprosjektet var kr. 625.000 og innvilga tilskot var kr. 390.000.

4. utfordringar i jordbruket - satsingsområde:

4.1. Generelt.

I Hallingdal har ein som resten av landet, om enn ikkje i same omfang, hatt ein nedgang i talet på driftseiningar og aktive gardsbruk i landbruket. Talet på dyr og total mjølkekvote har ikkje hatt like stor nedgang då brukseiningane vert større, og ein del store samdriftsfjøs er bygd. Talet på gardsbruk med sau viser ein tydeleg reduksjon no dei siste par åra.

Ein ser i beite- og utmarksområda ei tiltakande attgroing, noko som er direkte relatert til endringa i bruken av utmarka. I tillegg til dei negative sidene dette har i høve til landskap er det også negativt i høve til biologisk mangfald. Hovudutfordringa med ei slik utvikling er å oppretthalde eit levande natur- og kulturlandskap som er attraktivt for lokalbefolkninga og turistar. Utan beitedyr kan ein ikkje klare å bevare kulturlandskapet slik ein ser det i dag.

I Hallingdal er det framleis mykje eldre bygningsmasse, både heile bygningsmiljø, og enkelthus. Det er gjort ein stor innsats over mange år for å ta vare på den gamle bygningsmassen, men mykje arbeid står framleis att. Då dette ofte er arbeid som ikkje kan utsetjast i lang tid er det viktig med høg aktivitet her. Slike tiltak vil ofte ha stor innverknad på landbruket sitt ansikt utad.

Hallingdal har lite erosjonsutsett jord med unntak av nedre Hallingdal der vinderosjon kan vera eit problem. Enkelte lågtliggjande område kan og vera utsett for flom. Forureining elles er for det meste knytt til punktutslipp og bruk av husdyrgjødsel. Det er gjennom mange år arbeidd med å redusere punktutslipp, slik at situasjonen på dette området for det meste er god. Innføring av obligatorisk gjødslingsplan og miljøplan har hatt stor innverknad på bruk og utnytting av husdyrgjødsel.

Viktige generelle satsingsområde for Hallingdal kan samanfattast slik:

- * Tiltak for å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap, herunder tiltak for å behalde beitedyra i kulturlandskapet.
- * Freda og verneverdige bygningar.
- * Stimulere husdyrhaldet i Hallingdal.
- * Tiltak for å auke opplevelseskvaliteten og rekreasjonsverdien.

Kvar kommune har alle vedtekne handlingsplanar for landbruket. Her er medteke viktige stikkord frå kvar kommune sin handlingsplan, supplert med nye presiseringar med relevans for tiltaksarbeidet knytt til fremje av miljø- og kulturlandskap.

4.2. Flå:

Hovedmål for landbruket i Flå:

- ✓ Oppretthalde flest mulig av de brukene som eksisterer i dag, styrke næringsgrunnlaget og bosettingen på disse og dermed også miljøet i bygda.

Hovedmål for jordbruket i Flå:

- ✓ Kommunen må legge til rette for et aktivt produsentmiljø som kan danne grunnlaget for stabil bosetting og økt sysselsetting innen et miljøorientert jordbruk.

Delmål:

- ✓ Holde dyrka mark i hevd og hindre nedbygging av de beste arealene
- ✓ Utnytte og øke jordens produksjonsevne
- ✓ Gårdsbruka skal ha aktive eiere
- ✓ Øke dyretallet
- ✓ Opprettholde antall driftsenheter med husdyrproduksjon
- ✓ Opprettholde antall driftsenheter av en viss størrelse
- ✓ Sikre nåværende sysselsetting innen tradisjonelt landbruk og øke sysselsettingen innenfor tilleggsnæringene tilknyttet landbruk
- ✓ Økt sysselsetting innen tilleggsnæringer i tilknytning til og utenom tradisjonelt landbruk
- ✓ Øke det samlede inntektsgrunnlaget for gårdbrukeren med familie
- ✓ Å opprettholde et miljøvennlig og levende jordbruk
- ✓ Bevare og bruke kulturlandskapet på en forsvarlig måte

4.3. Nes:

Hovudmålsetting for landbruket i Nes:

- ✓ Landbruk skal være bærebjelken i Nes kommune. Det skal jobbes for å sikre landbruket som en viktig næring.

Delmål:

- ✓ Opprettholde/ øke verdiskapinga innen jord og skogbruket
- ✓ Sikre lønnsomme og rasjonelle bruk
- ✓ Bevaring av produksjonsgrunnlaget i et langsiktig perspektiv
- ✓ En bærekraftig landbruksproduksjon som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetting i primærproduksjon og foredlingsindustri
- ✓ Opprettholde bosetting og sysselsetting i kommunen
- ✓ Sikre miljøkvaliteter, naturressurser og kulturverdier

Av målsetninger/tiltak under jordbruk kan nevnes:

- ✓ Målsetning 3: Opprettholde beitebruket i utmarka for å hindre fortsatt gjengroing.
 - Tiltak 1: Økt satsing på rydding av beiteområder og stier.
 - Tiltak 2: Få til et områdetiltak for et kulturlandskapsområde i kommunen.
- ✓ Målsetning 5: Utvikling av nisjeprodukter i jordbruket.
 - Tiltak 1: Stimulere til utvikling av økologiske produkter.
 - Tiltak 2: Lokal foredling av råvarer fra gården.
 - Tiltak 3: Utvikle gardsturisme som næring.

4.4. Gol:

Hovudmålsetjingar for landbruket i Gol:

Gol kommune skal m.a. arbeide aktivt for eit landbruk som:

- ✓ Gjev god inntektsutvikling og synleggjer landbruket sin samfunnsmessige verdi og lokale og regionale ringverknader.
- ✓ Stimulerer næringa til nyskaping og vidareutvikling av alle tilgjengelege ressursar på landbrukseigedomane.
- ✓ Brukar og ivaretek jord-, skog- og beiteressursane i den daglege landbruksdrifta for å oppretthalde eit variert miljø- og kulturlandskap.

Tiltak, kulturlandskap, biologisk mangfald og stølsdrift:

- ✓ Informere om tilskotsordningar til spesielle miljøtiltak i landbruket.
- ✓ Utføre tilretteleggingsarbeid som stirydding, skilting m.m. retta mot auka rekreasjonsopplevingar i naturen.
- ✓ Informere om verdifulle og særeigne naturtypar.
- ✓ Unngå inngrep i kantsoner og andre sårbare områder.
- ✓ Stimulere til tradisjonell stølsdrift
- ✓ Stimulere til beiting av stølsvollar og bruk av stølsbygningar.
- ✓ Samarbeide om turistretta produktutvikling for å markedsføre landbruket.

Tiltak, økologisk landbruk, jordvern og forureining:

- ✓ Stimulere til økologisk drift ut frå miljø- og ressursomsyn.
- ✓ Stimulere til nisjeproduksjon av økologiske matvarer.
- ✓ Dyrka mark og beite må haldast i hevd som framtidig nyttbar ressurs for næringa.
- ✓ Dyrkbar mark må i størst mogleg grad takast vare på.
- ✓ Informere og veilede om miljøplanar.
- ✓ Kontroll av gjødsel- og silosaftlager.
- ✓ Kartleggje miljøtilstanden i vassdrag gjennom prøvetaking.

4.5. Hemsedal

Hemsedal kommune skal:

- ✓ Legge til rette for å sikre landbruket sin bruk av utmarka.
- ✓ Arbeide for at kulturlandskapet og elementa i dette blir tekne vare på
- ✓ Arbeide for at landbrukstradisjonar og det aktive stølsmiljøet blir halde i hevd
- ✓ Arbeide for at det biologiske mangfaldet og jordas produksjonsevne blir halde i hevd

Tiltak til fremje for kulturlandskap

- ✓ Revidere beitebruksplan og gjere denne til ein kombinert beitebruk- og kulturlandskapsplan som blir rullert kvart 5 år. Sette fokus på saue- og geitehaldet i kommunen, då desse dyreslaga er dei mest effektive kulturlandskapspleiarane.
- ✓ Hemsedal kommune ynskjer og at området frå Såta til og med Lykkja skal vere eit prioritert kulturlandskapsområde
- ✓ Informere om aktuelle tilskotsordningar (SMIL og RMP) som fremmer tiltak i landbrukets kulturlandskap, freda og verneverdige bygningar i landbruket, beiting og stølsdrift. Informere om tilskotsordningar til særskilde tiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet (SMIL).

4.6. Ål

Hovudmål:

Ål kommune skal arbeide for eit landbruk som:

- ✓ Stimulerer til nytting av alle ressursane på garden i primærnæringane og tilknytta næringar
- ✓ Gjev sikre heiltids- og deltidsplassar
- ✓ Fremjar busetnad i alle grender
- ✓ Tek vare på kulturlandskapet og tradisjonane knytta til landbruket
- ✓ Blir drive slik at det held ved like og ikkje skadar naturen
- ✓ Produserer varer og tenester av høg kvalitet

Delmål:

- ✓ Ål kommune skal arbeide for at kulturlandskapet og elementa i dette blir teke vare på.
- ✓ Driftsmåtane må utformast slik at dei økologiske prosessane i luft, vatn, jord og vegetasjon ikkje blir skadde. Det biologiske mangfaldet og jorda si produksjonsevne må haldast ved like.
- ✓ Landbruket i Ål skal produsere mat av god kvalitet, samstundes som produksjonen ikkje går ut over dyrevelferd og miljø. Det er ønskjeleg at innsatsfaktorar frå eigen gard blir nytta framfor importerte innsatsfaktorar i så stor grad som mogleg.

Ål kommune ønskjer å:

- ✓ Formidle kultur og tradisjonar
- ✓ Oppretthalde bruken av stølane
- ✓ Stimulere til aktiv bruk av utmark for å hindre attgroing

4.7. Hol

Stikkord for tiltak som er nemnt som satsingsområde i handlingsplanen for kommunen:

- ✓ ein sunn og miljøvenleg matproduksjon (hovudmål)

Landbruket som kulturskapar og -formidlar

- ✓ ta vare på og vidareutvikle kulturlandskapet og opplevingsverdiar og slik skape eit levande og brukarvennleg kulturlandskap (mål)
- ✓ oppretthalde stølslandskapet/-miljøet ved å stimulere til stølsdrift med mjølkeproduksjon, (mål)
- ✓ oppretthalde og vidareutvikle tilskotsordningane til tiltak i landbrukets kulturlandskap, freda og verneverdige bygningar i landbruket og stølar, (delmål)
- ✓ legge til rette for kombinasjon av stølsdrift og turisme (delmål)

Miljø

- ✓ ta vare på det biologiske mangfaldet, (mål)
- ✓ registrere og utbetre forureiningskjelder på gardsbruk,
- ✓ innsamling av landbruksplast og spesialavfall,
- ✓ kartlegge miljøtilstanden i vassdrag,
- ✓ estetiske omsyn, bl. a ved vegbygging, bevare og skjøtte kantsoner og landskap, rydde opp i inn- og utmark.

5. Mål og prioriteringar - tiltak:

5.1. Generelt.

Med bakgrunn i pkt. 4 vert følgjande tiltak prioritert høgast:

- ✓ Tiltak som styrkjer driftsgrunnlaget for aktive gardbrukarar.
- ✓ Tiltak som er viktige for landbruk/reiseliv.
- ✓ Tiltak som tek vare på viktige kulturlandskap/ -miljø.
- ✓ Fellestiltak.

5.2. Tiltak som kan støttast.

Følgjande tiltak kan støttast, jf. §§ 4 og 5 i forskrifta.

5.2.1. Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt (§ 4) (områdetiltak):

Prosjekt som fører fram til planar for konkrete kulturlandskaps- /forureiningstiltak kan gis inntil 100 % tilskott.

5.2.2. Kulturlandskapstiltak (§ 5):

Følgjande tiltak kan støttast. Tiltaka må gå utover det ein kan rekne med ved vanleg jordbruksdrift. I særlege tilfelle kan maksimalsatsen her fråvikast og tilskott gis inntil maksimalsats i forskrifta:

- 5.2.2.1. Biologisk mangfald: Tiltak for å bevare og fremje biologisk mangfald i kulturlandskapet kan gis inntil 70 % tilskott.
- 5.2.2.2. Gammal kulturmark: Tiltak for å bevare og halde gammal kulturmark i hevd kan gis inntil 50 % tilskott.
- 5.2.2.3. Tilgjenge og opplevingskvalitet: Tiltak som legg til rette for ferdsel til fots og oppleving av landbruket sitt kulturlandskap gjennom friluftsliv og rekreasjon, kan gis inntil 50 % tilskott. For større tiltak må minimum 30 % av kostnadsoverslag finansierast frå andre kjelder utanom søkjar (delfinansiering).
- 5.2.2.4. Kulturminne og kulturmiljø: Tiltak for bevaring og skjøtsel på og omkring kulturminne og kulturmiljø kan gis inntil 50 % tilskott. For større tiltak må minimum 30 % av kostnadsoverslag finansierast frå andre kjelder utanom søkjar (delfinansiering).
- 5.2.2.5. Freda og verneverdige bygningar: Tiltak for å setje i stand og vedlikehalde freda og verneverdige bygningar i landbruket kan gis inntil 50 % tilskott. Bygningar som kan nyttast på ein føremålstenleg måte i landbruksdrifta eller annan næring vert prioritert. Tilskott vert gjeve til utvendige påkostnader. Fagmynde på fylkesnivå skal gje uttale i slike saker.
- 5.2.2.6. Andre tiltak: Andre tiltak som er viktige for kulturlandskapet, men som ikkje kjem inn under nokon av punkta ovanfor kan gis inntil 50 % tilskott.
- 5.2.2.7. Investeringstiltak som fremjar organisert beitebruk: Tilskott kan gis med inntil 50 %, til alle tiltak som fremjar beitebruken i eit område. Tiltak i regi av beitelag bør prioriterast.

5.2.3. Forureiningstiltak:

Følgjande tiltak kan støttast. Tiltaka må gå utover det ein kan rekne med ved vanleg jordbruksdrift. I særlege tilfelle kan maksimalsatsen her fråvikast og tilskott gis inntil maksimalsats i forskrifta:

- 5.2.3.1. Høytørkeanlegg: Bygging av høytørke på bruk som produserer høy på erosjonsutsatt areal samt bygging av høytørke som medverkar til å redusere annan forureining frå bruket, t.d. erstatning for silo. Tiltak kan gis inntil 20 % tilskott.
- 5.2.3.2. Hydrotekniske anlegg: Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg for å hindre erosjon på jordbruksareal og i vassløp og redusere avrenning av næringssalt frå jordbruksareal. Terrengutforming for å betre kontrollen på overflatevatnet inngår her. Graving av opne kanalar for å erstatte eksisterande lukka avløp for å redusere erosjon og auke vassløpet si sjølvreinsingsevne. Tiltak kan gis inntil 35 % tilskott.
- 5.2.3.3. Klimaplanting/leplanting/landskapsplanting: Etablering av varig vegetasjon som le for jordbruksareal/bygningar og/eller for auka biologisk mangfald/forbetring av landskapsbiletet kan gis inntil 60 % tilskott.
- 5.2.3.4. Vegetasjonssoner: Etablering av vegetasjonssoner for å fange opp bl.a. jord og næringsstoff langs vassdrag kan gis inntil 60 % tilskott.
- 5.2.3.5. Fangdammar og våtmarker: Etablering av fangdammar og våtmarker for å auke vassløpet si sjølvreinsingsevne kan gis inntil 60 % tilskott.

- 5.2.3.6. Omstillingsstøtte (momle): Tilskott inntil 70 % kan gis til nedskrivning av investeringskostnader knytta til driftsomlegging i kornområda frå open åker til ekstensiv produksjon med meir varig plantedekke.
- 5.2.3.7. Årleg arealstøtte (momle): Denne støtta skal kompensere for auka driftsutgifter og reduserte inntekter samt stimulere til omlegging, jf. pkt. 5.2.3.7. Arealstøtta er på kr. 100, pr. dekar pr. år for godkjent omlagt areal.
- 5.2.3.8. Utviklingstiltak (momle): Støtte til utviklingstiltak kan gis til tiltak/prosjekt som skal utvikle og styrke produksjonar basert på ekstensiv planteproduksjon. Støtte vert fastsett i kvart enkelt tilfelle.
- 5.2.3.9. Andre tiltak for å redusere forureining: Andre tiltak som er viktige for å redusere forureininga frå landbruket, men som ikkje kjem inn under nokon av punkta ovanfor kan gis inntil 30 % tilskott.

5.2.4. Informasjonsmidlar:

Inntil 18.000 kr av samla SMIL-midlar for jordbruket i Hallingdal, kr 3000.- i kvar kommune kan nyttast av kommunane, Forsøksringen og faglaga til ymse informasjonstiltak i samband med ordninga. Informasjonstiltaka må vera retta mot næringa. Det må søkjast om slike midlar og vedtak kan gjerast administrativt. SMIL – utvalet får dette som meldingssak.

6. Innvilging av tilskott - samordning:

Det vert sett to søknadsfristar i året, 1. april og 1.oktober.

Kvar kommune opprettar eit eige utval som tildeler tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Utvalet på 5 medlemmer vert samansett av 2 representantar frå næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt, 1 politikar frå kommunen og 2 representantar frå administrasjonen. Leiar for utvalet vert valt mellom dei 2 representantane frå næringa. Det skal lagast meldingssak til hovudutval / formannskap etter kvar søknadsomgang.

Det er eit mål å nytte SMIL-midlane for jordbruket på best mogleg måte i heile Hallingdal. Ved eventuelt overskot/underskot av SMIL-midlar det enkelte år innanfor den enkelte kommune, kan det gjerast ei samordning med dei andre kommunane i Hallingdal. Ubrukte midlar i ei eller fleire kommunar, kan dermed nyttast i dei av Hallingdalskommunane som har trong for meir midlar. Ubrukte midlar vert fordelt forholdsmessig mellom kommunane med trong for meir midlar, ut frå samla tilskottsbehov for aktuelle søknader. Tilsvarende overskot/underskot for alle SMIL-midlane for jordbruket i heile Hallingdal, kan før årets slutt samordnast med tilsvarende for skogbruket.

7. Tilskotsbehov – aktivitetsbudsjett.

Det vert ikkje sett opp eiga aktivitetsbudsjett samla for Hallingdal. Kvar enkelt kommune gjer dette ut frå eigne prioriteringar.

8. Vedlegg – statistikk.

Tabell 1: Innvilga STILK-søknader, kommunevis oversikt 1994-2001:

Kommune	Tal tilsagn	Eingongstilskott	Årlege tilskott
Flå	35	1 107 569	11 500
Nes	102	3 076 959	17 500
Gol	63	2 847 554	58 700

Hemsedal	75	2 955 412	0
Ål	68	2 028 986	22 400
Hol	92	3 260 889	21 000
Sum Hallingdal	435	15 277 369	131 100

Kjelde: Fylkesmannen i Buskerud, Strategi for kulturlandskapet 2002-2006.

Tabell 2: Innvilga SMIL – søkandar, kommunevis oversikt 2004 – 2007.

Kommune	Tal tilsagn	Eingongstilskot	Årlege tilskot
Flå	21	499332	
Nes	50	1 773 183	
Gol	57	1 595 193	5 600
Hemsedal	44	1 360 927	
Ål	79	1 877 700	
Hol	46	1 658 230	
Sum Hallingdal	284	8 018 281	5 600

Tabell 2: Tal på STILK / SMIL søknadar til kommunane dei 7 siste åra fordelt på tema:

Tiltak	År	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
Tiltak 1. Planlegging av fellestiltak	2001		1				
	2002						
	2003						
	2004						
	2005					1	
	2006		1				
	2007						
Tiltak 2. Biologisk mangfald	2001						
	2002						
	2003			1	1		
	2004						2
	2005						1
	2006				2		
	2007				1		
Tiltak 3. Gamal kulturmark	2001	4	8	7	10	6	5
	2002	6	4	3	3	7	
	2003	8	7	2	2	1	2
	2004	4	11	6	2	2	
	2005	1	9	9	3	8	2
	2006	7	14	8	4	6	4
	2007	7	13	8	6	6	2
Tiltak 4. Tilgjenge/opplevingskvalitet	2001		2	1	2	1	
	2002	1				1	
	2003		1		1	1	
	2004	1	1		2		1
	2005		1	1	2	1	
	2006				1		
	2007				3		
Tiltak 5. Kulturminne/- miljø	2001	2		2			
	2002	2					
	2003	1		1	1		
	2004			1	2	2	
	2005			2		1	
	2006	1			2		
	2007				3		
Tiltak 6. Freda og verneverdige bygningar	2001	8 *	5	10	3	15	3
	2002	2	2	3	1	12	1
	2003	4	7	8	4	1	1

	2004	4	7	2	3	4	2
	2005	9	7	2	4	3	2
	2006	3	7	2	7	5	1
	2007	5	7	3	6	2	1
Tiltak 7. Organisert beitebruk	2004- 2007	3	1				
Tiltak 8. Forureiningstiltak	2004- 2007	1				1	1
Informasjonstiltak		1	1				
Anna				1 **			
Sum:		85	117	92	72	87	31

Kjelde: Landbruksforvaltninga i kommunane.

Merknader:

*) Hol: herav to avslag.

På 2 søknader i 2001 var det 2 tema på same søknad. Totalt for Hol 2001 – 03 er 36 stk papirsøknader.

**)Gol: Gjeld prosjekt "1001- Kasjmirgeit på Golsfjellet", søknad 2001 som omfattar tema 1, 2, 3 og 4.

Tabell 3: Godkjent kostnad og innvilga tilskot til STILK, fordelt på tiltak, år og kommune:

Tiltak	År	Hol		Ål		Gol		Hemsedal		Nes		Flå	
		Kostnad	Tilskot	Kostnad	Tilskot	Kostnad	Tilskot	Kostnad	Tilskot	Kostnad	Tilskot	Kostnad	Tilskot
Tiltak 1. Planlegging av fellestiltak	2001			17 000	11 000								
	2002												
	2003												
	2004				2 000								
	2005									22 000	7 700		
	2006		1 600										
	2007												
Tiltak 2. Biologisk mangfald	2001												
	2002												
	2003					70 000	35 000	30 000	12 500				
	2004											28 300	12735
	2005											15 800	7110
	2006					32 645	14 700						
	2007												
Tiltak 3. Gammal kulturmark	2001	118 485	61 520	386 853	210 541	343 025	189 700	530 240	426 650	349 690	174 850	208 160	110 600
	2002	249 753	129 250	259 656	129 900	161 320	85 500	216 075	79 500	272 410	172 550		
	2003	580 115	300 950	510 959	295 600	74 900	46 380	66 900	33 700	82 300	41 400	100 000	60 040
	2004	395 160	197 600	676 904	284 300	519 880	185 255	109 200	54 600	108 300	43 225		
	2005	63 700	31 900	604 666	272 100	515 692	210 460	222 625	66 588	703 183	239 113	121 417	42 496
	2006	489 050	244 525	906 250	362 500	484 735	193 910	195 344	59 503	327 300	114 255	212 250	66 206
	2007	675 421	300 400	444 795	177 900	318 075	126 540	480 515	144 102	303 107	98 678	355 000	110 738
Tiltak 4. Tilgjenge/ opplevingskvalitet	2001			44 840	29 300	5 000	2 500	248 000	172 900	60 000	30 000		
	2002	64 000	44 800							70 000	36 000		
	2003			491 000	250 000			5 000	3 500	60 000	30 000		
	2004	95 800	47 900	56 000	28 000			31 413	15 707			117 500	41 125
	2005			60 000	30 000	159 000	47 700	95 788	18 500	5 000	1 750		
	2006							6 000	1 800				
	2007					302 150	83 860						
Tiltak 5. Kulturminne/-miljø	2001	74 000	17 500										
	2002	274 700	68 675										
	2003	76 000	38 000			18 000	9 000	10 000	2 500				
	2004					65 915	26 366	79 696	39 848	460838	161 293		

	2005					69 570	22 520			88 125	30 844		
	2006	39 800	19 900					258 700	77 610				
	2007					348 909	124 020						
Tiltak 6. Freda og verne- verdige bygningar	2001	867 275	169 525	402 100	100 550	991 300	247 825	437 110	128 600	1 579 922	244 500	644 100	161 025
	2002	107 000	26 750	93 300	23 325	318 480	80 520			1 133 910	262 075	40 000	10 000
	2003	551 670	98 000	1 070 800	277 525	1 386 100	346 525	420 768	82 400	75 715	18 930	180 050	57 345
	2004	476 840	86 900	860 000	215 000	631 520	159 328	283 919	113 568	511 681	179 088	192 000	67 200
	2005	672 130	202 620	1 105 200	276 300	254 787	99 320	711 184	215 323	487 850	170 747	200 750	70 263
	2006	612 400	183 710	931 333	279 400	575 640	201 470	1 242 947	259 268	930 920	326 871	50 600	20 240
	2007	551 728	165 400	1 293 921	428 614	574 150	148 630	1 106 284	294 510	512 000	179 202	120 000	42 000
Tiltak 7. Organisert beite- bruk	2004- 2007	159 950	107 775	212 766	100 000								
Tiltak 8. Forureiningstilt.	2004- 2007	340 000	68 000				257 000			58 000	23 200	25 000	8750
Informasjon.	2004- 2007		1 600		2 000								
Anna: *				14 571	5 100								
Sum:		7 834 977	2 613 200	10 442 854	3 790 955	8 220 793	2 944 029	6 787 708	2 303 177		2 185 536		750 010

Kjelde: Landbruksforvaltninga i kommunane

Merknad:

*) Anna, Gol: Gjeld prosjekt "1001- Kasjmirgeit på Golsfjellet", søknad 2001 som omfattar tema 1, 2, 3 og 4.

